



## Innkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 23.03.2023  
**Møtested:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 17:00 - 18:30

Ei sak - Utvalsmodellen

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
014/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
015/23	Godkjenning av møteprotokoll
016/23	Innføring av utvalsmodellen i Austrheim kommune

Austrheim 17. mars 2023

Per Lerøy  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/23	Kommunestyret	PS	23.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/377

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/23	Kommunestyret	PS	23.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/377

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 16.02.2023

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 16.02.2023  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18:00 - 22:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP
Lise Renate Helle	SP
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF
Reidar Ulvøy	AP

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Stein Kåre Løvslett	KRF	Varamedlem
Pål Andreas Håland Dyrkolbotn	SP	Varamedlem

### Desse møtte frå administrasjonen:

Anne Hildegunn Færøy, Asbjørn Nagell Toft, Atle Vaage, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

Austrheim 20. februar 2023

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møteprotokoll
003/23	Meldingar
004/23	Orienteringssak
005/23	Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 og handlingsprogram 2023-2027-Uttale frå Austrheim kommune
006/23	Prinsippvedtak om skyss til Aufera
007/23	KS Debattheft I - Evne og kraft til å bære
008/23	KS - Debattheft II - 2023 - Mellomoppgjeret 2023
009/23	Prosjektreglement for Austrheim Kommune
010/23	Tilbakebetaling av deler av gebyr i samband med søknadspliktige tiltak på eldstad/piper i Austrheim kommune
011/23	Innføring av utvalsmodellen i Austrheim kommune
012/23	Retningslinjer for handsaming av startlån i Austrheim kommune
013/23	Val av valstyre - Kommune- og fylkestingsvalet 2023

## **001/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 001/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **002/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 002/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **003/23: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til møtet med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete, om Statsforvaltar si innstilling i strandsonesaker. Det var sagt frå embetet at dei ønskjer å avgjera saker utan setjestatsforvaltar eller oversending til departementet, og Lerøy sa at kommunen i tida framover må vera flinkare til å be om drøftingsmøte for å finna fram til semje i slike saker. Departementet har sagt at sone 3 og deler av sone 2 skal handsamast annleis for stransonesaker, enn det som er gjort tidlegare, det taler for at det skal vera mogleg med fleire tiltak i Austrheim.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om meldinga om forlenginga om interkommunalt legevaktsamarbeid. Denne kjem tidlegast opp i kommunestyret i Austrheim i april 2023, og kan tidlegast tre i kraft frå mai. Inntil det, så gjeld dagens avtale for legevaktsamarbeid.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 003/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

## **004/23: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- Skifte av kommunalsjef, der Service og Forvaltning har endra namn til Samfunn og tenesteyting. Reknar med å ha nyttilsett på plass frå hausten, fram til det vil kommunedirektøren dekkja dette ansvarsområdet saman med avdelingsleiarane.
- Medan Thomas Lindås sluttar som kommunalsjef, er Atle Vaage inne som ny einingsleiar teknisk drift, og tidlegare einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel har gått over til ei stilling som prosjektleiar.

Prosjektleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om status for ulike investeringsprosjekt, jamfør liste som ligg ved møteboka.

Einingsleiar teknisk drift Atle Vaage orienterte om pågåande prosjekt. Oversikta ligg ved møteboka.

- Må gjera ein informasjonsjobb på dette med delt fakturering ut over året. Er ikkje så mange innbyggjarar som har meldt interesse for delt fakturering av kommunale tenester.
- Skal laga vedlikehaldsplan for bygg og anlegg, dette vert laga som ein fireårsplan der ein deler alle kommunale bygg i fire grupper. Bygga får eit større vedlikehald kvart

fjerde år, og så mindre vedlikehald i tre år. Denne planen må vera klar til budsjetthandsaminga for 2024.

- For dei punkta som manglar finansiering (verbalpunkt frå kommunestyret sitt budsjettvedtak) skal det jobbast fram ei oversikt over kostnader, og skal ein sjå på dette i samband budsjettjustering etter 1. tertial.

Reidar Øksnes (Sp) kommenterte om sperring av kaiar og kjøreforbod: Om kaien ikkje toler vekta som vegen er klassifisert for, må det vera skilta med innkjøring forbode eller avgrensa vekt.

Det er få kaiar i dag som har anna avgrensing enn vegen fram til kaien.

Atle Vaage svara at kommunen har firma som sjekkar kaiane, om det er manglande sikkerheit så må desse kaiane stengast.

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef helse og velferd:

- Presenterte seg for kommunestyret, dette var første møte i KS etter at ho starta i kommunen 1. januar.
- Orienterte om Kommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald (ØHD) i Austrheim kommune, presentasjonen ligg ved møteboka.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om flyktningar:

- Har busett 30 flyktningar frå Ukraina så langt, 18 registrert i 2022, av desse har ein reist tilbake til Ukraina på ubestemt tid.
- 12 busette i 2023, det varierer frå sambuarpar til familiar, den siste er på plass tysdag. Kjem ein familie på 4 i mars, har då 4 att på kvoten for 2023.
- Har lite bustader, leiger tre på det private eigedomsmarknaden. Skal senda over ei sak til Austrheim kommunale eigedomsselskap og bestilla 12-15 bustader i ulik storleik, innanfor ein gitt tidshorisont. Kommunen har personar med behov for bustad, og manglar gjennomgangsbustader. Ønskjer at AKE skal skaffa bustader, og at kommunen leiger av dei etter behov. Ser ikkje risiko ved dette, generelt er det mangel på bustad i Austrheim og spesielt på leigemarknaden.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om oppfølging av interpellasjon frå Bygdelista frå desember:

- Her skulle kommunedirektøren etter vedtaket komma tilbake til KS med informasjon. Det er sendt skriftleg pålegg til entreprenør om å ikkje kjøra masser frå Heiane, og skriftleg pålegg til entreprenør om å fjerna ureine massar og svartelista artar i Dyrneset.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om planarbeid:

- Det er vedteke i planstrategien at det skal vera kommunedelplan for oppvekst, og for helse og velferd. Kommunedirektøren ber om at dette heller vert gjort om til temaplanar, så kan det legga føringar for arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen. Vil starta opp rullering av samfunnsplanen, dagens gjeld til 2027, men det vil gjerne ta tre år å rullera den. Temaplanar for oppvekst, og for helse og velferd, tar ein då med seg inn i samfunnsplanen.

Kommunaldirektør Bjørnar orienterte om avvikssystemet, sjå presentasjon som ligg ved møteboka.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) spurte om kommunedelplan for klima og energi. Då saka vart handsama hausten 2022 vart det sagt at det skulle arrangerast ein Klima- og energikonferanse for kommunestyret. Her svara kommunedirektør og ordførar at planen er vedteken, medan det er sagt at det skal vera ein konferanse for kommunestyret på klima. Dette er ikkje ferdig planlagt enno.

Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomien (jamfør presentasjonen som ligg ved møteboka).

- Skal levera rekneskapa den 22/2.
- Viste til at det er risiko ved institusjonsplassar i barnevern, dette påverkar kostnadsbildet i 2022 og 2023. Kjem rekningar på millionbeløp som ein ikkje har budsjettet inn.
- Kom ikkje noko skjønstilskot frå Statsforvaltar, slik som ein hadde venta.
- Skatteinngangen viste seg å vera lågare på tampen av 2022.
- Ser at gjennomsnittsalderen i kommunen går opp. Ser på tala for premiefondet for pensjon at kommunen vil få ein auke i pensjonsutgifter framover, har forplikta seg til 408 millionar i pensjon, medan det er sett av 400 millionar på fond til å dekkja dette. Her kjem det ein kostnad i 2023, viktig å vera merksam på dette.



På andre enden av aldersskalaen er det lyst ut jobbar for dei i 10. klasse til 23 år, jobbar for å få unge til å jobba i kommunen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er surt med barnevernskostnad. Det er gjort ein bra jobb med å halda kontroll på kostnader. 2023 vert eit krevjande år, men har heldigvis pengar på bok til å halda prosjekta gåande

Inger Lise Brekke (H) spurte om uføresette kostnader frå Barnevernet, og viste til at kommunestyret vart orienterte om at ein ikkje hadde barn på institusjon, under presentasjonen i desember 2022. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at det er noko usemje om kor godt det er informert frå Alver barnevern til kommunen. Men fekk beskjed rundt jul på at det er eit barn på institusjon, og utan at dette er kommunisert med tilbakemelding. For fakturaen har dette berre framgått av fakturagrunnlaget og har ikkje vore like tydeleg som tidlegare då det vart fakturert direkte frå institusjon og til kommunen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om korleis dialogen er med Alver barnevern, kommunedirektøren svara at det ikkje er faste møtepunkt på dette, men Austrheim ønskjer å ha faste møtepunkt for å få kontroll på sine barn og tenester gjennom barnevernet.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 004/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

## **005/23: Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 og handlingsprogram 2023-2027-Uttale frå Austrheim kommune**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune sluttar seg i hovudsak til innhaldet i **Regional plan for fornybar energi 2023-2035**, men me viser og til saksutgreiinga og til våre 9 pkt. under.

- 1. Austrheim kommune ber om at solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur vert prioritert framover.*
- 2. Austrheim kommune vonar Vestland fylke vil prioritera flytande havvindsatsing framover, og i havområde der ein kjem minst mogeleg i konflikt med fuglelivet/miljø og fiskeri.*
- 3. Austrheim kommune er positiv til at utbygging av låge vindturbinar kan etablerast i større etablerte industriområde, der utbygging ikkje medfører nye naturinngrep eller råkar viktige miljøverdier.*
- 4. Austrheim kommune ynskjer ikkje fleire naturøydeleggjande vindkraftprosjekt i fylket vårt, men me er positiv til storsatsing på mindre vertikale vindturbinar på og ved eksisterande bygg.*
- 5. Vestland fylkeskommune må vera med å vidareutvikla Greenspot Mongstad for å utvikla området ved Norges største forsyningsbase og største raffineri til ein allsidig grøn industripark.*
- 6. Straumproduksjonen og eigarskapen til våre kraftverk og kraftlinjenett skal i hovudsak vera under nasjonal kontroll og vera folket sin eigedom.*
- 7. Straumprisane skal vera fornuftig og berkraftig for økonomien til våre hushaldingar og næringsliv. Konkurransefortrinnet til industrien vår med rimleg straum må oppretthaldast.*
- 8. Satsing på eit godt nett for el-ladsetasjonar for skips- og båtrafikken er viktig framover, men og ei storsatsing på produksjon og lagring av hydrogen og ammoniakk til transportsektoren må på plass.*
- 9. Kraftnettet må byggjast ut for å sikre ein robust kraftforsyning i fylket vårt.*

1. Austrheim kommune ber om at solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur vert prioritert framover.
  2. Austrheim kommune vonar Vestland fylke vil prioritera flytande havvindsatsing framover, og i havområde der ein kjem minst mogeleg i konflikt med fuglelivet/miljø og fiskeri.
  3. *Austrheim kommune ønskjer ikkje industrielle vindkraftanlegg på land.*
  4. *Austrheim kommune er positiv til størsatsing på mindre vertikale vindturbinar på og ved eksisterande bygg.*
  5. Vestland fylkeskommune må vera med å vidareutvikla Greenspot Mongstad for å utvikla området ved Norges største forsyningsbase og største raffineri til ein allsidig grøn industripark basert på fornybar energi.
  6. *Straumproduksjonen og eigarskapen til våre kraftverk og kraftlinjenett skal i hovudsak vera under nasjonal kontroll og vera folket sin eigedom.*
  7. Straumprisane skal vera fornuftig og berekraftig for økonomien til våre hushaldingar og næringsliv. Konkurransefortrinnet til industrien vår med rimeleg straum må oppretthaldast gjennom nasjonal styring av marknaden.
  8. Satsing på eit godt nett for el-ladestasjonar for skips- og båttrafikken er viktig framover, men og ei størsatsing på produksjon og lagring av hydrogen og ammoniakk til transportsektoren må på plass.
  9. *Kraftnettet må byggjast ut for å sikre ein robust kraftforsyning i fylket vårt og i størst mogleg grad kablast i jord og sjø.*
  10. *Austrheim kommune ønskjer ikkje at landstrøm skal elektrifisera oljeinstallasjonar på sokkelen.*
  11. *Austrheim kommune ønskjer ikkje nye utanlandskablar. NorthConnect må skrinleggjast.*
- Jan Erik Espelid fremja etter gruppemøte ei endring der siste del av punkt elleve vart fjerna: *NorthConnect må skrinleggjast.*

Høgre og Arbeidarpartiet ber om at vedtaket vert endra på to punkt til:

4. Austrheim kommune ber om at dersom det skal byggjast ut nye, landbaserte vindkraftprosjekt i fylket vårt, må dette skje i eit godt samspel mellom utbyggjarar, kommunar og grunneigarar. Eventuelle utbyggingsprosjekt må utførast med minst moglege naturinngrep og i tråd med Montreal-avtalen av 2022 om vern av natur.

Me er positive til mindre vindturbinar på og ved eksisterande bygg, næringsanlegg og annan infrastruktur, men desse må byggjast i tråd med avsnittet over.

6. Anlegg for produksjon av elektrisk kraft og overføringsnett for elektrisk kraft skal i hovudsak vera i offentleg eige.

## **02.02.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Toft, orienterte «Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 og handlingsprogram 2023-2027-Uttale frå Austrheim kommune», jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det etter hans syn kan byggast vindkraftanlegg i fjella, ser ikkje at det er like omstridt som andre stader. Lerøy la til at det kan komma ein søknad på fem vindturbinar på Mongstad, i regi av Greenspot Mongstad. Lerøy sa vidare at han synest ein kan gå for denne uttalen.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er vanskeleg å komma fram til ein tverrpolitisk felles uttale for dette med vindkraft, for det er så mange ting som spelar inn. Det er vanskeleg å komma fram til eit dokument som ikkje rører punkter for usemje, men samstundes er så romsleg at det er OK.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at det er eit definisjonsspørsmål kva som er inngrepande tiltak. Ser ikkje at ulempene er så store som enkelte skal ha det til.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han synest dette er eit OK innspel. Er heilt for at me kan bruka eksisterande industriområde til vindkraft, naturleg at dette kjem på Mongstad der det allereie er gjort store inngrep.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at ein treng energien for industrien og næringsutviklinga.

Inger Lise Brekke (H) sa at i Austrheim vil vindkraft visa godt sidan det er så flatt. Samstundes er det vanskeleg å seia at me skal ha kraft, men vil ikkje bygga her. Om ein skundar seg med vindmøller no, kor lenge vil det vara? Vil ein etter tjue år ha store utfordringar utslitne vindmøller.

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til at det trengs 40 TWH meir straum inn i marknaden, for å ha nok til forbruk og reserve ved tørkeår og elektrifisering av ulike ting.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Kva med å utforska utnyttinga av straumane våre, kan me henta noko der? Ordfører Lerøy viste til straumkraft vert testa andre stader.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho ikkje er usamd i behovet for meir kraft, men korleis skal ein få det.

Morten Sognnes (H): Synest ikkje vindmøller er så sjenerande. Må også satsa på solceller, ikkje komma for seint med i den satsinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Kva skjer om 25 år når konsesjonane går ut, kven skal rydda opp etter vindmøllene (her sa Per Lerøy (Ap) at dette bør komma inn i konsesjonsvilkåra, slik at ein sikrar avsetnader av midlar til opprydding).

Asbjørn Toft sa at for vindkraft må produksjon og linjenett balanserast. I Austrheim er det søknader på gang for mindre vertikale vindmøller.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må spara straum også, går mykje til datalagring når folk tar vare på alle data.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at ein må vera klar over at landet styrer mot energiunderskot i framdrifta. Tar lang tid å bygga ut, berre linja Modalen-Kollsnes tok nesten tjue år frå første søknad til det var spenning på linja.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje)

### **FS - 007/23 - 02.02.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune sluttar seg i hovudsak til innhaldet i **Regional plan for fornybar energi 2023-2035**, men me viser og til saksutgreiinga og til våre 9 pkt. under.

- 1. Austrheim kommune ber om at solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur vert prioritert framover.*
- 2. Austrheim kommune vonar Vestland fylke vil prioritera flytande havvindsatsing framover, og i havområde der ein kjem minst mogleg i konflikt med fuglelivet/miljø og fiskeri.*
- 3. Austrheim kommune er positiv til at utbygging av låge vindturbinar kan etablerast i større etablerte industriområde, der utbygging ikkje medfører nye naturinngrep eller råkar viktige miljøverdiar.*
- 4. Austrheim kommune ynskjer ikkje fleire naturøydeleggjande vindkraftprosjekt i fylket vårt, men me er positiv til storsatsing på mindre vertikale vindturbinar på og ved eksisterande bygg.*

5. Vestland fylkeskommune må vera med å vidareutvikla Greenspot Mongstad for å utvikla området ved Norges største forsyningsbase og største raffineri til ein allsidig grøn industripark.
6. Straumproduksjonen og eigarskapen til våre kraftverk og kraftlinjenett skal i hovudsak vera under nasjonal kontroll og vera folket sin eigedom.
7. Straumprisane skal vera fornuftig og berkraftig for økonomien til våre hushaldingar og næringsliv. Konkurransefortrinnet til industrien vår med rimleg straum må oppretthaldast.
8. Satsing på eit godt nett for el-ladsetasjonar for skips- og båtrafikken er viktig framover, men og ei storsatsing på produksjon og lagring av hydrogen og ammoniakk til transportsektoren må på plass.
9. Kraftnettet må byggjast ut for å sikre ein robust kraftforsyning i fylket vårt.

## 16.02.2023 KOMMUNESTYRET

Sak 005/23: Regional plan for fornybar energi - framlegg frå Bygdelista foreslått av: Jan Erik Espelid

1. Austrheim kommune ber om at solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur vert prioritert framover.
  2. Austrheim kommune vonar Vestland fylke vil prioritera flytande havvindsatsing framover, og i havområde der ein kjem minst mogleg i konflikt med fuglelivet/miljø og fiskeri.
  3. Austrheim kommune ønskjer ikkje industrielle vindkraftanlegg på land.
  4. Austrheim kommune er positiv til storsatsing på mindre vertikale vindturbinar på og ved eksisterande bygg.
  5. Vestland fylkeskommune må vera med å vidareutvikla Greenspot Mongstad for å utvikla området ved Norges største forsyningsbase og største raffineri til ein allsidig grøn industripark basert på fornybar energi.
  6. Straumproduksjonen og eigarskapen til våre kraftverk og kraftlinjenett skal i hovudsak vera under nasjonal kontroll og vera folket sin eigedom.
  7. Straumprisane skal vera fornuftig og berekraftig for økonomien til våre hushaldingar og næringsliv. Konkurransefortrinnet til industrien vår med rimeleg straum må oppretthaldast gjennom nasjonal styring av marknaden.
  8. Satsing på eit godt nett for el-ladestasjonar for skips- og båtrafikken er viktig framover, men og ei storsatsing på produksjon og lagring av hydrogen og ammoniakk til transportsektoren må på plass.
  9. Kraftnettet må byggjast ut for å sikre ein robust kraftforsyning i fylket vårt og i størst mogleg grad kablast i jord og sjø.
  10. Austrheim kommune ønskjer ikkje at landstrøm skal elektrifisera oljeinstallasjonar på sokkelen.
  11. Austrheim kommune ønskjer ikkje nye utanlandskablar. NorthConnect må skrinleggjast.
- Jan Erik Espelid fremja etter gruppemøte ei endring der siste del av punkt elleve vart fjerna: NorthConnect må skrinleggjast.

Sak 005/23: Regional plan for fornybar energi - framlegg frå Ap og Høgre foreslått av: Per Lerøy

Høgre og Arbeidarpartiet ber om at vedtaket vert endra på to punkt til:

4. Austrheim kommune ber om at dersom det skal byggjast ut nye, landbaserte vindkraftprosjekt i fylket vårt, må dette skje i eit godt samspel mellom utbyggjarar, kommunar og grunneigarar. Eventuelle utbyggingsprosjekt må utførast med minst moglege naturinngrep og i tråd med Montreal-avtalen av 2022 om vern av natur. Me er positive til mindre vindturbinar på og ved eksisterande bygg, næringsanlegg og annan infrastruktur, men desse må byggjast i tråd med avsnittet over.
6. Anlegg for produksjon av elektrisk kraft og overføringsnett for elektrisk kraft skal i hovudsak vera i offentleg eige.

Avdelingsleiar Plan, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) la fram deira framlegg til vedtak, og grunn gav det.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la fram Høgre/Arbeidarpartiet sitt framlegg til vedtak, og argumenterte for at det ikkje er mogleg å dekkja det framtidige behovet for ny energi, utan at ein satsar på ei utbygging av vindkraft. Lerøy viste til prognosar som viser at behovet for ny kraft er betydeleg i åra framover.

Lerøy føreslo at det vart gruppemøte i saka.

Reidar Øksnes (Sp) sa at at han ikkje er mot eit gruppemøte i saka, men spurte om framlegga som er oppe er moglege å gjennomføra innanfor dagens Plan og bygningslov, eller om denne må justerast for å gjennomføra solkraft og anna.

Om dette sa Asbjørn Toft at vanlige solcellepanel ikkje er søknadspliktig i utgangspunktet, med mindre det er freda bygg eller spesiell arkitektur. For større anlegg på industribygg er det vanlegvis ei vanleg byggesak, og det trengs også ein dialog med BKK om trafokapasitet og liknande. Hus- og hytteigarar vil ikkje få ein omfattande søknadsprosess.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til korleis det er delt på ulike instansar kven som har mynde for ulike typar kraft, der dette er fordelt på kommune, NVE, departement og anna, alt etter type kraftproduksjon.

Gruppemøte 1805-1840.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) la fram endringsframlegg, der delen med North Connect er vekke i punkt 11.

Asbjørn Toft orienterte om dei søknadene som er inne på vindkraft i Austrheim, der eitt anlegg snart er under produksjon, og eit anna prosjekt nærmar seg produksjon. Det er både anlegg med tradisjonelle blad, og ei vertikal mølle, der den siste har mindre konsekvensar for fugleliv.

Avrøysting:

Høgre og Arbeidarpartiet sitt framlegg, nummerert punkt 3, vart sett opp mot Bygdelista sitt framlegg, nummerert punkt 4. Høgre og Arbeidarpartiet sitt framlegg vart vedteke med 11 mot 5. Dei som røysta for var dei samla gruppene til Høgre og Arbeidarpartiet, pluss Stein Kåre Løvslett frå KrF. Dei som støtta framlegget som fall var Reidar Øksnes og Pål Andreas Dyrkolbotn frå Senterpartiet, Helge Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim frå Kristeleg Folkeparti, og Jan Erik Espelid frå Bygdelista. Deretter vart det røysta vidare der kvart punkt vart sett opp mot kvarandre.

1. Ingen alternativ til formannskapet si tilråding, sams vedteke.

2. Ingen alternativ til formannskapet si tilråding, sams vedteke.

3. Avgjort i punktet over.

4. Først var det semje om å ta vekk ordet "vertikal" frå Bygdelista sitt framlegg. Deretter var det avrøysting om ordet "storsatsing", der eit fleirtal på 10 røysta for å behalda ordet (Ap og Høgre, samla grupper), mot 6 (Bygdelista, KrF og Sp, samla grupper).

5. Formannskapet si tilråding vedteke med 15 mot 1 røyst (Jan Erik Espelid frå Bygdelista)

6. Høgre/Arbeidarpartiet sitt framlegg vart sett opp mot framlegget frå Bygdelista.

Høgre/Arbeidarpartiet sitt framlegg vann med 13 mot 3 røyster, desse tre var Jan Erik Espelid frå Bygdelista og Reidar Øksnes og Pål Andreas Dyrkolbotn, begge Senterpartiet. Deretter vart dette framlegget (Høgre/Arbeidarpartiet) sett opp mot formannskapet si tilråding, der H/Ap sitt framlegg vart vedteke med 14 mot 2 røyster (Reidar Øksnes og Pål Andreas Dyrkolbotn, begge Senterpartiet).

7. Formannskapet si tilråding vedteke med 12 mot 4 (dei som røysta mot var Jan Erik Espelid frå Bygdelista, Reidar Øksnes og Pål Andreas Dyrkolbotn, begge Senterpartiet, og Helge Dyrkolbotn, KrF).

8. Ingen alternativ til formannskapet si tilråding, sams vedteke.

9. Formannskapet si tilråding vedteke med 13 mot 3 (dei som røysta mot var Jan Erik Espelid frå Bygdelista, og Helge Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim frå Kristeleg Folkeparti)

Bygdelista hadde to tilleggspunkt.

10. Framlegget fall med 13 mot 3 røyster (desse tre var Jan Erik Espelid frå Bygdelista, Reidar Øksnes og Pål Andreas Dyrkolbotn, begge Senterpartiet)

11. Framlegget fall med 11 mot 5 røyster (desse fem var Jan Erik Espelid frå Bygdelista, Reidar Øksnes og Pål Andreas Dyrkolbotn, begge Senterpartiet, og Helge Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim, begge KrF).

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 005/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune sluttar seg i hovudsak til innhaldet i **Regional plan for fornybar energi 2023-2035**, men me viser og til saksutgreinga og til våre 9 pkt. under.

1. Austrheim kommune ber om at solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur vert prioritert framover.
2. Austrheim kommune vonar Vestland fylke vil prioritera flytande havvindsatsing framover, og i havområde der ein kjem minst mogleg i konflikt med fuglelivet/miljø og fiskeri.
3. Austrheim kommune ber om at dersom det skal byggjast ut nye, landbaserte vindkraftprosjekt i fylket vårt, må dette skje i eit godt samspel mellom utbyggjarar, kommunar og grunneigarar. Eventuelle utbyggingsprosjekt må utførast med minst moglege naturinngrep og i tråd med Montreal-avtalen av 2022 om vern av natur. Me er positive til mindre vindturbinar på og ved eksisterande bygg, næringsanlegg og annan infrastruktur, men desse må byggjast i tråd med avsnittet over.
4. Austrheim kommune er positiv til storsatsing på mindre vindturbinar på og ved eksisterande bygg.
5. Vestland fylkeskommune må vera med å vidareutvikla Greenspot Mongstad for å utvikla området ved Norges største forsyningsbase og største raffineri til ein allsidig grøn industripark.
6. Anlegg for produksjon av elektrisk kraft og overføringsnett for elektrisk kraft skal i hovudsak vera i offentlig eige.
7. Straumprisane skal vera fornuftig og berekraftig for økonomien til våre hushaldingar og næringsliv. Konkurransefortrinnet til industrien vår med rimeleg straum må oppretthaldast.
8. Satsing på eit godt nett for el-ladestasjonar for skips- og båtrafikken er viktig framover, men og ei storsatsing på produksjon og lagring av hydrogen og ammoniakk til transportsektoren må på plass.
9. Kraftnettet må byggjast ut for å sikre ein robust kraftforsyning i fylket vårt.

---

### **006/23: Prinsippvedtak om skyss til Aufera**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

- Kommunestyret avviklar ordninga med at personar som har innvilga varig tilrettelagt arbeid ved Aufera får tilrettelagt transport til og frå arbeid på eit generelt grunnlag, slik det har vore tradisjon for dei siste åra. Ordninga skal opphøre når anna løysing er godkjent av kommunestyret
- Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida forslag til ei løysing som sikrar at brukarar med behov for tilrettelagt transport til og frå Aufera vert vurderte ut i frå individuelle behov. Transport er ei teneste som kan søkjast om på lik line med andre kommunale tenester.

Austrheim kommune opprettheld skysstilbod for personar med varig tilrettelagt arbeid ved Aufera. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide organiseringa av transporten. Inntil offentlig kollektivtilbod vert tilfredstillande for våre ansatte ved Aufera må kommunen ta ansvar for transporten.

Saka vert utsett og skal sendast til RMNF for handsaming der først.

## 16.02.2023 KOMMUNESTYRET

Sak 006/23 - Framlegg til vedtak foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Austrheim kommune opprettheld skysstilbod for personar med varig tilrettelagt arbeid ved Aufera. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide organiseringa av transporten. Inntil offentlig kollektivtilbod vert tilfredstillande for våre ansatte ved Aufera må kommunen ta ansvar for transporten.

Utsetjingsframlegg foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Saka vert utsett og skal sendast til RMNF for handsaming der først.

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er mange moment i denne saka. Austrheim viste til at dei som bur ved Mastrevik Torg som skal reisa med buss til Manger må starta klokka 06.50 frå Mastrevik, er på Nordanger 07.05, på Marås 07.30 for skifte av buss, der det er 24 minuttar å venta utan busskur i all slags ver, og er så framme på Manger 08.00. Arbeidsdag til 14.30, men bussen går ti på halv. På returen er det 42 minutt å venta på Marås, og etter ein runde på Nordanger er ein framme på Mastrevik 15.55. (Ordførar Per Lerøy (Ap) skaut inn at det var busskur på Marås, men det er på feil side av vegen).

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at saka bør utsetjast og sendast til RMNF for handsaming der, og viste til at saker som angår denne gruppa skal handsamast i dette rådet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein er klar over status for busstilbodet. Om vedtaksframlegget viste Fjellhaug til at tilbodet ikkje skal opphøyra før ein har eit anna tilbod på plass. Ba om at kommunestyret gjer vedtak slik at kommunedirektøren kan starta arbeidet med å sjå på andre løysingar. Vil ta runden med saka via råda før ein gjer endeleg vedtak om ei ny løysing.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er sagt i vedtaksframlegget at ordninga skal vara til ny løysing er på plass. Om busstilbodet viste Lerøy at det er spelt inn til Skyss at ein ønskjer seg endringar i det eksisterande tilbodet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at det vart stemt over utsetjingsframlegget, og at om det fell så har KrF eit anna framlegg til vedtak.

Avrøysting om utsetjingsframlegget:

KRF (3), SP (2) og Bygdelista (1) røysta for utsetting, dette framlegget fall med 6 mot 10 røyster (Høgre og Ap røysta samla for). (16 representantar møtte i kommunestyret, mot normalt 17, Sp mangla ein av sine 3 representantar)

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram framlegg til vedtak som alternativ til kommunedirektøren:

*Austrheim kommune opprettheld skysstilbod for personar med varig tilrettelagt arbeid ved Aufera. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide organiseringa av transporten.*

*Inntil offentlig kollektivtilbod vert tilfredsstillande for våre ansatte ved Aufera må kommunen ta ansvar for transporten.*

Handsaming i kommunestyret:

Dei to framlegga vart sette opp mot kvarandre. Framlegget frå Helge Dyrkolbotn fekk støtte frå KrF (3), SP (2) og Bygdelista (1). Det fall dermed med 6 mot 10 røyster, der Høgre og Ap støtta kommunedirektøren. (16 representantar møtte i kommunestyret, mot normalt 17, Sp mangla ein av sine 3 representantar)

**KS - 006/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

- Kommunestyret avviklar ordninga med at personar som har innvilga varig tilrettelagt arbeid ved Aufera får tilrettelagt transport til og frå arbeid på eit generelt grunnlag, slik det har vore tradisjon for dei siste åra. Ordninga skal opphøyre når anna løysing er godkjent av kommunestyret

- Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida forslag til ei løysing som sikrar at brukarar med behov for tilrettelagt transport til og frå Aufera vert vurderte ut i frå individuelle behov. Transport er ei teneste som kan søkjast om på lik line med andre kommunale tenester.

---

## **007/23: KS Debattheft I - Evne og kraft til å bære**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunedirektøren legg fram følgjande framlegg til svar:

#### **Kva er dei mest relevante utfordringane framover?**

1. Er utfordringsbiletet som skildra i heftet gjenkjennbart for din kommune?

Svar:

Utfordringsbiletet som er skildra i debatheftet er gjenkjennbart for Austrheim. Alle utfordringane merkar ein i større og mindre grad allereie, og dei andre er ein førebudd på å møte. Ein merkar at trongare økonomi krev tøffare prioriteringar, samstundes som ein skal levere gode tenester.

2. Er det andre langsiktige utfordringar enn det som er skildra, som de vil peike på?

Svar:

Ei anna utfordring er for kommunane å ivareta alle rollene som samfunnutviklar, samfunnsbyggjar og tilretteleggjar. Med stadig trongare økonomi, aukande krav til tenesteleveranse, vil det å levere gode tenester bli ei utfordring. Kommunane kan ikkje klare å levere alt, og er avhengig av samarbeid med næringsliv, frivillig sektor og andre aktørar. Det å byggja framtidens velferdstenester, kan by på utfordringar med å få nok og rett kompetanse. I høvesvis små kommunar kan ein oppleve noko gjennomtrekk av kompetanse og særers på utsette tenesteområder som psykolog, der ein ikkje har større fagmiljø. Det å skapa gode fagmiljø og utvikling vil vere ei utfordring og ein treng også å samarbeida på tvers av kommunar. Oppretthalding av generalistkommunen kan vere ei langsiktig utfordring.

3. Kva utfordringar meiner de blir spesielt viktig å vere merksam på framover?

Svar:

Ein må vere særers merksam på demografiutfordringane. Ein skal ha eit godt tenestetilbod til ei aldrande gruppe og ein merkar at å få rett og nok kompetanse er krevjande og vil berre bli meir utfordrande. Når ein samstundes får nye lovpålagte oppgåver som ein skal løyse, utan at det fører midlar med, vil det medføre knappare ressursar og på sikt eit dårlegare tilbod. Kommunane treng å få fridom til å prioritere og handtere oppgåvene innanfor lokal sjølvstyre. Med stadig aukande grad av å forvalta sterkt statleg styrte velferdstenester, kan det på sikt bli krevjande for ein høvesvis liten kommune å handtere sjølv. Endringar også i inntektssystem som medfører lågare frie inntekter, vil det vere endå meir krevjande å levere gode velferdstenester i tida frametter.

#### **Korleis styrke lokaldemokratiet si evne og kraft til bærekraftig arealbruk?**

4. Kva moglegeheiter og utfordringar opplever kommunane sjølv i arbeidet med bærekraftig arealbruk?



Svar:

Kommunane som i størst grad kjenner sitt eige areal, må få høve til å regulere eigen arealbruk. Statlege styresmakter må i mindre grad overstyre lokalt skjøn, om ikkje det er i strid med nasjonale føringar, lover og føresegner. Ein må ha rom for utnytting av arealet til ålmenta, samstundes som ei fleksibel strandlinje må vere mogleg. Ein må kunne ha høve til å ta vare på verdifult areal, men samstundes leggje opp til eit berekraftig arealbruk. Moglegheitene er der gjennom arealplanleggjing, men utfordringar er sterke nasjonale føringar som vert handert likt, utan å sjå til faktisk bruk. Det er utfordrande med det grønne skiftet, men samstundes gjev det ei moglegheit. Ein må utnytte ressursane ein har lokalt og arbeida målretta med å nå klimamåla.

5. Kva nye verktøy og verkemidlar vil vere nyttige og naudsynte i kommunen sitt arbeid med bærekraftig arealbruk?

Svar:

Kommunane treng system og verktøy for god kartlegging og vurdering av berekraftig arealbruk. Det kan vere når det gjeld utarbeiding av areal- og naturrekneskap, så vel som klimarekneskap. Alle kommunar har ikkje same tilgang til ressursar og treng difor hjelpeverktøy som lettare kan nyttast og gjer at ein kan gjere gode analysar og planleggjing. Nokre felles gode system blir viktig. Samstundes vil ein ha behov for kompetanse og at fylkeskommune og statsforvaltar kan arbeida saman med kommunane for ei berekraftig arealbruk. Det at ein arbeidar med og ikkje mot, og samskapar vil vere nyttig og naudsynt for kommunane. Ein treng at ein samskapar og hjelper til å finne gode og konstruktive løysingar som er framtidsretta og reduserer klimakonsekvensane og naturutfordringane. Vidare treng ein også økonomiske verkemidlar. Kommunar som stiller sitt areal til disposisjon for fellesskapet, må også få att for å ha nytta sitt areal til samfunnsnyttige føremål. Ei foreinkling av plan- og bygningslova bør gjerast slik at planprosessane går raskare og meir effektivt.

### **Korleis få til ei raskere omstilling og mobilisering av ressursar?**

6. Kva er dei største barrierane for å få til ei raskere omstilling i din kommune?

Svar:

Dei største barrierane er ressursar, kompetanse og økonomi. Det er stor vilje til omstilling innad i organisasjonen, men tid, ressursar og kompetanse, samstundes som å ha moglegheit til å gjennomføre gode omstillingsprosessar kan vere nokre av barrierane. Det å sjå gevinsten av omstillingsarbeidet, kan også vere ein barriere som gjer til at omstilling kan ta litt lengre tid.

7. Kor ser de dei største moglegheitane for å mobilisere ressursar internt i eigen organisasjon og med eksterne utanfor organisasjonen?

Svar:

Vi har moglegheiter innanfor alle sektorane til omstilling. Størst potensiale ligg innan helse og velferd og utvikling av velferdsteknologi. Samhandling innad og ekstern med næringsliv, vgs og høgare utdanning, ligg potensiale til å få til gode omstillingsprosessar.

## **02.02.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap): Må legga til rette for næringsutvikling, då får me samfunnsutvikling og vekst. Må vera attraktive for det private næringslivet.

Inger Lise Brekke (H): Må unngå utanforskap, det er tapte skatteinntekter, helseutfordringar med meir. Gjev mange utfordringar om ein står utanfor arbeidslivet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) : Må jobba med tidleg innsats. Hindra at unge fell utanfor samfunnet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er lettare for oss i ein liten kommune å sjå heilskap, må jobba fram samarbeid og tverrfagleg arbeid.

Inger Lise Brekke (H): Etterlyste meir klart språk, Fjellhaug lova å sjå på det.

Helge Dyrkolbotn (KrF): spurte om velferdsteknologi, kva inneber det, er alt bra? Kan det gje meir einsemd?

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy sa at dette med velferdsteknologi vert del av kommunedelplan for helse og velferd. Skal leggja rette for teknologi, digitale måtar å jobba på. Skal skapa trygghet, sjå på kva som skal til for at flest mogleg skal bu heime lengst mogleg, og ta i bruk mobilt vakthold. Det er mykje som skjer innan dette feltet.

Ordførar Per Lerøy (Ap): Teknologien kan gjera omsorgspersonalet meir tilgjengelege for dei som treng omsorg.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje)

### **FS - 010/23 - 02.02.2023 - Vedtak:**

Kommunedirektøren legg fram følgjande framlegg til svar:

#### **Kva er dei mest relevante utfordringane framover?**

1. Er utfordringsbiletet som skildra i heftet gjenkjennbart for din kommune?

Svar:

Utfordringsbiletet som er skildra i debatheftet er gjenkjennbart for Austrheim. Alle utfordringane merkar ein i større og mindre grad allereie, og dei andre er ein førebudd på å møta. Ein merkar at trongare økonomi krev tøffare prioriteringar, samstundes som ein skal levere gode tenester.

2. Er det andre langsiktige utfordringar enn det som er skildra, som de vil peike på?

Svar:

Ei anna utfordring er for kommunane å ivareta alle rollene som samfunnutviklar, samfunnsbygger og tilretteleggjar. Med stadig trongare økonomi, aukande krav til tenesteleveranse, vil det å levere gode tenester bli ei utfordring. Kommunane kan ikkje klare å levere alt, og er avhengig av samarbeid med næringsliv, frivillig sektor og andre aktørar. Det å byggja framtidens velferdstenester, kan by på utfordringar med å få nok og rett kompetanse. I høvesvis små kommunar kan ein oppleve noko gjennomtrekk av kompetanse og særskilt på utsette tenestoområder som psykolog, der ein ikkje har større fagmiljø. Det å skapa gode fagmiljø og utvikling vil vere ei utfordring og ein treng også å samarbeida på tvers av kommunar. Oppretthalding av generalistkommunen kan vere ei langsiktig utfordring.

3. Kva utfordringar meiner de blir spesielt viktig å vere merksam på framover?

Svar:

Ein må vere særskilt merksam på demografiutfordringane. Ein skal ha eit godt tenestetilbod til ei

aldrande gruppe og ein merkar at å få rett og nok kompetanse er krevjande og vil berre bli meir utfordrande. Når ein samstundes får nye lovpålagte oppgåver som ein skal løyse, utan at det fører midlar med, vil det medføre knappare ressursar og på sikt eit dårlegare tilbod. Kommunane treng å få fridom til å prioritere og handtere oppgåvene innanfor lokal sjølvstyre. Med stadig aukande grad av å forvalta sterkt statleg styrte velferdstenester, kan det på sikt bli krevjande for ein høvesvis liten kommune å handtere sjølv. Endringar også i inntektssystem som medfører lågare frie inntekter, vil det vere endå meir krevjande å levere gode velferdstenester i tida frametter.

#### **Korleis styrke lokaldemokratiet si evne og kraft til bærekraftig arealbruk?**

4. Kva mogelegheiter og utfordringar opplever kommunane sjølv i arbeidet med bærekraftig arealbruk?

Svar:

Kommunane som i størst grad kjenner sitt eige areal, må få høve til å regulere eigen arealbruk. Statlege styresmakter må i mindre grad overstyre lokalt skjønn, om ikkje det er i strid med nasjonale føringar, lover og føresegner. Ein må ha rom for utnytting av arealet til ålmenta, samstundes som ei fleksibel strandlinje må vere mogleg. Ein må kunne ha høve til å ta vare på verdifult areal, men samstundes leggje opp til eit berekraftig arealbruk. Moglegheitene er der gjennom arealplanleggjing, men utfordringar er sterke nasjonale føringar som vert handert likt, utan å sjå til faktisk bruk. Det er utfordrande med det grøne skiftet, men samstundes gjev det ei moglegheit. Ein må utnytte ressursane ein har lokalt og arbeida målretta med å nå klimamåla.

5. Kva nye verktøy og verkemidlar vil vere nyttige og naudsynte i kommunen sitt arbeid med bærekraftig arealbruk?

Svar:

Kommunane treng system og verktøy for god kartlegging og vurdering av berekraftig arealbruk. Det kan vere når det gjeld utarbeiding av areal- og naturrekneskap, så vel som klimarekneskap. Alle kommunar har ikkje same tilgang til ressursar og treng difor hjelpeverktøy som lettare kan nyttast og gjer at ein kan gjere gode analysar og planleggjing. Nokre felles gode system blir viktig. Samstundes vil ein ha behov for kompetanse og at fylkeskommune og statsforvaltar kan arbeida saman med kommunane for ei berekraftig arealbruk. Det at ein arbeidar med og ikkje mot, og samskapar vil vere nyttig og nadsynt for kommunane. Ein treng at ein samskapar og hjelper til å finne gode og konstruktive løysingar som er framtidsretta og reduserer klimakonsekvensane og naturutfordringane. Vidare treng ein også økonomiske verkemidlar. Kommunar som stiller sitt areal til disposisjon for fellesskapet, må også få att for å ha nytta sitt areal til samfunnsnyttige føremål. Ei foreinkling av plan- og bygningslova bør gjerast slik at planprosessane går raskare og meir effektivt.

#### **Korleis få til ei raskere omstilling og mobilisering av ressursar?**

6. Kva er dei største barrierane for å få til ei raskere omstilling i din kommune?

Svar:

Dei største barrierane er ressursar, kompetanse og økonomi. Det er stor vilje til omstilling innad i organisasjonen, men tid, ressursar og kompetanse, samstundes som å ha moglegheit til å gjennomføre gode omstillingsprosessar kan vere nokre av barrierane. Det å sjå gevinsten av omstillingsarbeidet, kan også vere ein barriere som gjer til at omstilling kan ta litt lengre tid.

7. Kor ser de dei største mogelegheitane for å mobilisere ressursar internt i eigen organisasjon og med eksterne utanfor organisasjonen?

Svar:

Vi har mogelegheiter innanfor alle sektorane til omstilling. Størst potensiale ligg innan helse og velferd og utvikling av velferdsteknologi. Samhandling innad og ekstern med næringsliv, vgs og høgare utdanning, ligg potensiale til å få til gode omstillingsprosessar.

## 16.02.2023 KOMMUNESTYRET

007/23

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Reidar Øksnes (Sp) sa at dette temaheftet burde vore meir inngående diskutert i kommunestyret, gjerne som eit temamøte. Det er mykje her som ein kunne brukt som eit styringsdokument i kommunestyret. Det kan vera kort svarfrist i dette tilfellet, men generelt kunne eit hatt temakveldar på slike saker der kommunestyret kunne brukt tid til å diskutera. For slike tema som er så inngripande for korleis me skal jobba i Austrheim kommune, burde det vore emne for diskusjon om korleis ein kan komma fram til gode løysingar.

Ordførar Per Lerøy sa at saka har vore tilgjengeleg for politisk i fire veker, men sa seg samd i fire vekers frist er kort tid.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at det er aktuelle ting her å ta med seg vidare i arbeidet i kommunestyret, mellom anna på temasamlinga ein skal ha i Kilstraumen i mai 2022.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke. (16 representantar møtte i kommunestyret, mot normalt 17, Sp mangla ein av sine 3 representantar)

### **KS - 007/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Kommunedirektøren legg fram følgjande framlegg til svar:

#### **Kva er dei mest relevante utfordringane framover?**

1. Er utfordringsbiletet som skildra i heftet gjenkjennbart for din kommune?

Svar:

Utfordringsbiletet som er skildra i debatheftet er gjenkjennbart for Austrheim. Alle utfordringane merkar ein i større og mindre grad allereie, og dei andre er ein førebudd på å møta. Ein merkar at trongare økonomi krev tøffare prioriteringar, samstundes som ein skal levere gode tenester.

2. Er det andre langsiktige utfordringar enn det som er skildra, som de vil peike på?

Svar:

Ei anna utfordring er for kommunane å ivareta alle rollene som samfunnutviklar, samfunnsbygger og tilretteleggjar. Med stadig trongare økonomi, aukande krav til tenesteleveranse, vil det å levere gode tenester bli ei utfordring. Kommunane kan ikkje klare å levere alt, og er avhengig av samarbeid med næringsliv, frivillig sektor og andre aktørar. Det å byggja framtidens velferdstenester, kan by på utfordringar med å få nok og rett kompetanse. I høvesvis små kommunar kan ein oppleve noko gjennomtrekk av kompetanse og særskilt på utsette tenestekområder som psykolog, der ein ikkje har større fagmiljø. Det å skapa gode fagmiljø og utvikling vil vere ei utfordring og ein treng også å samarbeida på tvers av kommunar. Oppretthalding av generalistkommunen kan vere ei langsiktig utfordring.

3. Kva utfordringar meiner de blir spesielt viktig å vere merksam på framover?

Svar:

Ein må vere særskilt merksam på demografiutfordringane. Ein skal ha eit godt tenestetilbod til ei aldrande gruppe og ein merkar at å få rett og nok kompetanse er krevjande og vil berre bli meir utfordrande. Når ein samstundes får nye lovpålagte oppgåver som ein skal løyse, utan at det fører midlar med, vil det medføre knappare ressursar og på sikt eit dårlegare tilbod. Kommunane treng å få fridom til å prioritere og handtere oppgåvene innanfor lokal sjølvstyre. Med stadig aukande grad av å forvalta sterkt statleg styrte velferdstenester, kan det på sikt bli krevjande for ein høvesvis liten kommune å handtere sjølv. Endringar også i inntektssystem som medfører lågare frie inntekter, vil

det vere endå meir krevjande å levere gode velferdstenester i tida frametter.

### **Korleis styrke lokaldemokratiet si evne og kraft til bærekraftig arealbruk?**

4. Kva moglegheiter og utfordringar opplever kommunane sjølv i arbeidet med bærekraftig arealbruk?

Svar:

Kommunane som i størst grad kjenner sitt eige areal, må få høve til å regulere eigen arealbruk. Statlege styresmakter må i mindre grad overstyre lokalt skjønn, om ikkje det er i strid med nasjonale føringar, lover og føresegner. Ein må ha rom for utnytting av arealet til ålmenta, samstundes som ei fleksibel strandlinje må vere mogleg. Ein må kunne ha høve til å ta vare på verdifult areal, men samstundes leggje opp til eit berekraftig arealbruk. Moglegheitene er der gjennom arealplanleggjing, men utfordringar er sterke nasjonale føringar som vert handert likt, utan å sjå til faktisk bruk. Det er utfordrande med det grøne skiftet, men samstundes gjev det ei moglegheit. Ein må utnytte ressursane ein har lokalt og arbeida målretta med å nå klimamåla.

5. Kva nye verktøy og verkemidlar vil vere nyttige og naudsynte i kommunen sitt arbeid med bærekraftig arealbruk?

Svar:

Kommunane treng system og verktøy for god kartlegging og vurdering av berekraftig arealbruk. Det kan vere når det gjeld utarbeiding av areal- og naturrekneskap, så vel som klimarekneskap. Alle kommunar har ikkje same tilgang til ressursar og treng difor hjelpeverktøy som lettare kan nyttast og gjer at ein kan gjere gode analysar og planleggjing. Nokre felles gode system blir viktig. Samstundes vil ein ha behov for kompetanse og at fylkeskommune og statsforvaltar kan arbeida saman med kommunane for ei berekraftig arealbruk. Det at ein arbeidar med og ikkje mot, og samskapar vil vere nyttig og nadsynt for kommunane. Ein treng at ein samskapar og hjelper til å finne gode og konstruktive løysingar som er framtidsretta og reduserer klimakonsekvensane og naturutfordringane. Vidare treng ein også økonomiske verkemidlar. Kommunar som stiller sitt areal til disposisjon for fellesskapet, må også få att for å ha nytta sitt areal til samfunnsnyttige føremål. Ei foreinkling av plan- og bygningslova bør gjerast slik at planprosessane går raskare og meir effektivt.

### **Korleis få til ei raskere omstilling og mobilisering av ressursar?**

6. Kva er dei største barrierane for å få til ei raskere omstilling i din kommune?

Svar:

Dei største barrierane er ressursar, kompetanse og økonomi. Det er stor vilje til omstilling innad i organisasjonen, men tid, ressursar og kompetanse, samstundes som å ha moglegheit til å gjennomføre gode omstillingsprosessar kan vere nokre av barrierane. Det å sjå gevinsten av omstillingsarbeidet, kan også vere ein barriere som gjer til at omstilling kan ta litt lengre tid.

7. Kor ser de dei største moglegheitane for å mobilisere ressursar internt i eigen organisasjon og med eksterne utanfor organisasjonen?

Svar:

Vi har moglegheiter innanfor alle sektorane til omstilling. Størst potensiale ligg innan helse og velferd og utvikling av velferdsteknologi. Samhandling innad og ekstern med næringsliv, vgs og høgare utdanning, ligg potensiale til å få til gode omstillingsprosessar.

## Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren legg fram fylgjande framlegg til svar:

1. Bør den økonomiske ramma i mellomoppgjeret fordelast sentralt, eller bør delar av den forhandlast lokalt, ut i frå lokale behov og prioriteringar?

Svar:

Austrheim kommune ønskjer primært at dei økonomiske rammene vert fordelt sentralt, men at kommunane får ein lokal pott som kan fordelast etter lokale behov. Behova i kommunane er ulike. Vi ønskjer å prioritera dei stillingar kor vi har størst utfordringar med å rekruttere og behalde. Vi ser også nokre utfordringar ved lokale prioriteringar. I konkurranse om viktig arbeidskraft ser vi at kommunar driv å overbyr kvarandre for å skaffa arbeidskrafta og kompetansen. Dette vil på sikt vere lite tenleg. Det bør sjåast på andre «gulrøter» i rekruttering og vi ser også at det må gjevast «pakkar» for å rekruttere framtidig arbeidskraft. Viktige prioriteringar vert å leggja til rette for heiltidskultur, samt leggje til rette for ein attraktiv lønspolitikk for dei som vidare- og etterutdannar seg.

2. Om det vert sett av midlar til lokale forhandlingar, kor stor bør potten i så fall vere?

Svar:

Det bør setjast av ein så stor pott at det vert høve for reelle lokale tingingar.

3. Om ramma fordelast sentralt:

- Er det ynskjeleg at alle tilsette får omlag like store tillegg eller er det ynskjeleg med ei tydelegare prioritering av enkelte grupper framfor andre?
- Om enkelte grupper skal prioriterast, kva stillingsgrupper og/eller ansiennitetstrinn bør i så fall få størst tillegg?

Svar:

Det er ønskeleg med tydeleg prioritering av stillingar/grupper kor ein ser det er størst utfordringar med å rekruttera og behalde tilsette. Stillingar med krav til utdanning (bachelor grad eller høgare), innan alle sektorar bør prioriterast. Det bør løne seg med høgare utdanning og det må vise seg att også i prioriteringane. Vi meiner vidare at det bør vere merkbar ulikskap i løn mellom tilsette med fagbrev/ fagskule og dei tilsette utan utdanning. Tilsette utan utdanning bør ikkje prioriterast, men stimulerast og oppmodast til å ta etter- og vidareutdanning. Ein ser at startløna for høgskulegruppa (3 års u/hutdanning) ikkje har så stor skilnad når ein samanliknar med ufaglærte og ufaglærte med lang ansiennitet (pr 1.1.2023 kr 431 400 og kr 460 300,-). Det vart gjort eit løft i oppgjeret i 2022 for høgskulegruppa (3 u/h-utdanning) noko som er bra! Framleis treng ein å løfta desse gruppene då kommunar framleis overbyr kvarandre for å rekruttera frå desse gruppene.

### Endringsframlegg pkt. 3:

Om ramma skal fordelast sentralt, er det ynskjeleg med likt kronetillegg for alle stillingsgrupper.

## 02.02.2023 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap): Stiller seg bak det som er lagt fram.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Kva med ufaglærte innan helse/skule/reinhald som ikkje har tid, evne og økonomi til å ta utdanning? Om desse aldri skal prioriterast, er det knallhardt.

Inger Lise Brekke (H): Kommunen må prioritera dei som tar etterutdanning, det handlar om å vera konkurransedyktige.

Ordførar Per Lerøy (Ap): Dei lågtlønne vil også få lønsvekst saman med dei generelle veksten. Elles må me hjelpa folk fram til ferdig fagbrev, slik det er gjort innan reinhald og anna. Synest innhaldet i debattheftet er tilpassa kompetansenivået me har i kommunen

Helge Dyrkolbotn (KrF): Viktig å unngå at ein seier at «du ikkje har verdi», for også dei ufaglærte gjer ein viktig jobb.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes sa at Austrheim kommune har seks tilsette ufaglærte som ventar på å ta fagbrev, men det er liten kapasitet hjå fylket til å komma gjennom hjå prøvenemndene. Det er stor interesse for å ta fagbrevet. Enkelte må ein starta heilt på start, og må læra å lesa og skriva før dei kan komma til fagbrev-biten.

Morten Sognes (H): Må ha ei gulrot til å ta dette fagbrevet. Må også stilla krav, til dømes at dei som er assistentar i skulen må ha utdanning.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at assistentar sjølvsagt skal ha utdanning, det er veldig viktig at det er på plass, anten det er barne- og ungdomsarbeid eller anna.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje)

### **FS - 009/23 - 02.02.2023 - Vedtak:**

Kommunedirektøren legg fram fylgjande framlegg til svar:

1. Bør den økonomiske ramma i mellomoppgjeret fordelast sentralt, eller bør delar av den forhandlast lokalt, ut i frå lokale behov og prioriteringar?

Svar:

Austrheim kommune ønskjer primært at dei økonomiske rammene vert fordelt sentralt, men at kommunane får ein lokal pott som kan fordelast etter lokale behov. Behova i kommunane er ulike. Vi ønskjer å prioritera dei stillingar kor vi har størst utfordringar med å rekruttere og behalde. Vi ser også nokre utfordringar ved lokale prioriteringar. I konkurranse om viktig arbeidskraft ser vi at kommunar driv å overbyr kvarandre for å skaffa arbeidskrafta og kompetansen. Dette vil på sikt vere lite tenleg. Det bør sjåast på andre «gulrøter» i rekruttering og vi ser også at det må gjevast «pakkar» for å rekruttere framtidig arbeidskraft. Viktige prioriteringar vert å leggja til rette for heiltidskultur, samt leggje til rette for ein attraktiv lønspolitikk for dei som vidare- og etterutdannar seg.

2. Om det vert sett av midlar til lokale forhandlingar, kor stor bør potten i så fall vere?

Svar:

Det bør setjast av ein så stor pott at det vert høve for reelle lokale tingingar.

3. Om ramma fordelast sentralt:

- Er det ynskjeleg at alle tilsette får omlag like store tillegg eller er det ynskjeleg med ei tydelegare prioritering av enkelte grupper framfor andre?

- Om enkelte grupper skal prioriterast, kva stillingsgrupper og/eller ansiennitetstrinn bør i så fall få størst tillegg?

Svar:

Det er ønskjeleg med tydeleg prioritering av stillingar/grupper kor ein ser det er størst utfordringar med å rekruttera og behalde tilsette. Stillingar med krav til utdanning (bachelor grad eller høgare), innan alle sektorar bør prioriterast. Det bør løne seg med høgare utdanning og det må vise seg att også i prioriteringane. Vi meiner vidare at det bør vere merkbar ulikskap i løn mellom tilsette med fagbrev/ fagskule og dei tilsette utan utdanning. Tilsette utan utdanning bør ikkje prioriterast, men stimulerast og oppmodast til å ta etter- og vidareutdanning. Ein ser at startløna for høgskulegruppa (3 års u/hutdanning) ikkje har så stor skilnad når ein samanliknar med ufaglærte og ufaglærte med lang ansiennitet (pr 1.1.2023 kr 431 400 og kr 460 300,-). Det vart gjort eit løft i oppgjeret i 2022 for høgskulegruppa (3 u/h-utdanning) noko som er bra! Framleis treng ein å løfta desse gruppene då kommunar framleis overbyr kvarandre for å rekruttera frå desse gruppene.

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Sak 08/23: Mellomoppgjeret 2023 - framlegg frå Bygdelista foreslått av: Jan Erik Espelid

### Endringsframlegg pkt. 3:

Om ramma skal fordelast sentralt, er det ynskjeleg med likt kronetillegg for alle stillingsgrupper.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) presenterte eige framlegg til vedtak, for punkt 3.

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over punkt for punkt i vedtaket:

1. Sams

2. Sams

3. Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke mot tre røyster. Desse støtta Bygdelista sitt framlegg: Jan Erik Espelid (Bygdelista), Helge Dyrkolbotn (KrF) og Pål Andreas Dyrkolbotn (Sp).

### **KS - 008/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Kommunedirektøren legg fram fylgjande framlegg til svar:

1. Bør den økonomiske ramma i mellomoppgjeret fordelast sentralt, eller bør delar av den forhandlast lokalt, ut i frå lokale behov og prioriteringar?

Svar: Austrheim kommune ønskjer primært at dei økonomiske rammene vert fordelt sentralt, men at kommunane får ein lokal pott som kan fordelast etter lokale behov. Behova i kommunane er ulike. Vi ønskjer å prioritera dei stillingar kor vi har størst utfordringar med å rekruttere og behalde. Vi ser også nokre utfordringar ved lokale prioriteringar. I konkurranse om viktig arbeidskraft ser vi at kommunar driv å overbyr kvarandre for å skaffa arbeidskrafta og kompetansen. Dette vil på sikt vere lite tenleg. Det bør sjåast på andre «gulrøter» i rekruttering og vi ser også at det må gjevast «pakkar» for å rekruttere framtidig arbeidskraft. Viktige prioriteringar vert å leggja til rette for heiltidskultur, samt leggje til rette for ein attraktiv lønspolitikk for dei som vidare- og etterutdannar seg.

2. Om det vert sett av midlar til lokale forhandlingar, kor stor bør potten i så fall vere?

Svar: Det bør setjast av ein så stor pott at det vert høve for reelle lokale tingingar.

3. Om ramma fordelast sentralt:

- Er det ynskjeleg at alle tilsette får omlag like store tillegg eller er det ynskjeleg med ei tydelegare prioritering av enkelte grupper framfor andre?

- Om enkelte grupper skal prioriterast, kva stillingsgrupper og/eller ansiennitetstrinn bør i så fall få størst tillegg?



Svar: Det er ønskjeleg med tydeleg prioritering av stillingar/grupper kor ein ser det er størst utfordringar med å rekruttera og behalde tilsette. Stillingar med krav til utdanning (bachelor grad eller høgare), innan alle sektorar bør prioriterast. Det bør løne seg med høgare utdanning og det må vise seg att også i prioriteringane. Vi meiner vidare at det bør vere merkbar ulikskap i løn mellom tilsette med fagbrev/ fagskule og dei tilsette utan utdanning. Tilsette utan utdanning bør ikkje prioriterast, men stimulerast og oppmodast til å ta etter- og vidareutdanning. Ein ser at startløna for høgskulegruppa (3 års u/hutdanning) ikkje har så stor skilnad når ein samanliknar med ufaglærte og ufaglærte med lang ansiennitet (pr 1.1.2023 kr 431 400 og kr 460 300,-). Det vart gjort eit løft i oppgjeret i 2022 for høgskulegruppa (3 u/h-utdanning) noko som er bra! Framleis treng ein å løfta desse gruppene då kommunar framleis overbyr kvarandre for å rekruttera frå desse gruppene.

---

## **009/23: Prosjektreglement for Austrheim Kommune**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner framlegget til prosjektreglement.

### **02.02.2023 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør sakutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Administrasjonen må også tenkja miljø i samband med prosjekt.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug: Må ha på plass eit reglement slik at det vert brukt prosjektmandat, og sluttrapport med læringspunkt. Må halda tilbake på midlar til leverandørar til ein er sikker på at ein har alt på plass i prosjektet.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes: Dei som er prosjektleiarar må ha eit verktøy, reglementet skal sikra at dei får det dei skal ha. Må vurdere risiko, det betyr mykje om det er økonomiske avvik. Prosjektmandat må gå til politisk handsaming

Ordfører Per Lerøy (Ap): Viktig med testing og utprøving når noko er klart, må halda igjen midlar til alt er ferdigstilt.

Morten Sognnes (H): Ser veldig bra ut, men det er etterlevinga det står på i det neste. Må henga på heile vegen undervegs i prosjekta, med tanke på korleis det ligg an på tid og med midlar.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje)

### **FS - 012/23 - 02.02.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlegget til prosjektreglement.

### **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Britt Skålevik Lerøy (Ap) sa at det var bra framlegg til prosjektreglement. Mykje som er kjent frå

andre stader. Det som er viktig er utarbeidinga av konkurransegrunnlag, det er der ein legg rammene

for kva som skal leverast og til kva pris. Utruleg viktig at det med.

Dommersnes sa at ein brukar rådgivar på anbod, og sa seg samd i at konkurransegrunnlag er viktig for å få det ein ber om. Sa vidare at dette er eit førsteutkast til reglement, må nok jobba vidare med dette.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 009/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlegget til prosjektreglement.

---

### **010/23: Tilbakebetaling av deler av gebyr i samband med søknadspliktige tiltak på eldstad/piper i Austrheim kommune**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune betalar tilbake kr. 6.100 kvar til dei 6 søkjarane som i år 2022 fekk eit sakshandsamingsgebyr på kr. 8.000 for sine søknadspliktige tiltak til oppføring/bygging av eldstad/pipe. Austrheim kommune betalar ut totalt kr. 36.600. Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.

Kommunedirektøren må undersøke om det er fleire som har rett på tilbakebetaling av gebyr, dette gjeld for åra før 2022.

Tilbakebetaling av gebyr skal avgrensast til tre år tilbake (2022-2021-2020)

### **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Gå lengre tilbake foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Kommunedirektøren må undersøke om det er fleire som har rett på tilbakebetaling av gebyr, dette gjeld for åra før 2022.

Avgrensa til tre år foreslått av:

Tilbakebetaling av gebyr skal avgrensast til tre år tilbake (2022-2021-2020)

Avdelingsleiar Plan, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram eit tilleggspunkt om å gå lengre tilbake enn 2022:

"Kommunedirektøren må undersøke om det er fleire som har rett på tilbakebetaling av gebyr, dette gjeld for åra før 2022."

Avdelingsleiar Plan, Asbjørn Nagell Toft, sa at det er ein del arbeid med å gå tilbake lengre enn 2022, og sa at det kan verta mykje ekstraarbeid for lite. Viste til at det ikkje har komme klager, og at ein no

brukar ein lågare sats på 1.900 kroner.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug ba om at det eventuelt vart avgrensa til tre år tilbake, som er det vanlege for slike saker.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er OK å gå tre år tilbake for tilbakebetaling. Dyrkolbotn sa vidare at det handlar om rettferd for dei som har betalt for mykje, sjølv om det er noko arbeid.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med tillegg frå Dyrkolbotn, og avgrensing på 3 år som kommunedirektøren ba om.

### **KS - 010/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune betalar tilbake kr. 6.100 kvar til dei 6 søkjarane som i år 2022 fekk eit sakshandsamingsgebyr på kr. 8.000 for sine søknadspålyktige tiltak til oppføring/bygging av eldstad/pipe. Austrheim kommune betalar ut totalt kr. 36.600. Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.

Kommunedirektøren må undersøke om det er fleire som har rett på tilbakebetaling av gebyr, dette gjeld for åra før 2022.

Tilbakebetaling av gebyr skal avgrensast til tre år tilbake (2022-2021-2020).

---

### **011/23: Innføring av utvalsmodellen i Austrheim kommune**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Forslag 1:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemmer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

Forslag 2:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein har eit utval for Oppvekst og velferd, og eit Teknisk utval. Utvala skal ha sju medlemmer kvar. Leiarane av utvala må vera medlemmer av kommunestyret for å kunna vera saksordførarar der. Leiarane av utvala må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvala. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

Forslag 3:

Ingen endring – som i dag.

Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert

utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret 13. april.

Det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Utsetjingsframlegg - Arbeidarpartiet foreslått av: Per Lerøy

Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret 13. april.

Ekstramøte i kommunestyret for ny handsaming foreslått av: Per Lerøy

Det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

*Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at framlegget frå gruppeleiarane har vore oppe internt i Ap, der det vart sagt at saka måtte utsetjast til dei har hatt medlemsmøte. Lerøy la fram utsetjingsframlegg: Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret 13. april.*

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han var i stuss om det var ein god grunn til utsetjing at eitt parti ikkje har fått handsama saka. Elles låg det i vedtaket frå oktober at saka skulle handsamast i dag, og det heng saman med at det skal setjast opp lister til valet. Samstundes er det ei tung sak, og ser at det er grunnar til å diskutera dette grundigare.

Reidar Øksnes (Sp) sa om denne saka skal utsetjast, så må det kallast inn til eit ekstraordinært kommunestyre slik at det er kommunestyret som avgjer. Sp vil leggja fram eit grunngjeve framlegg om å ha tre utval. Synest ikkje kommunestyret kan delegera dette til formannskapet.

Ordførar Per Lerøy sa at det ikkje skal vera formannskapet som skal avgjera, men når det er vedteke i formannskapet så er det reelt sett vedteke i kommunestyret også. Og kommunestyret 13/4 er etter at listene er leverte den 31. mars. Har ingen problem med å ta dette i eit ekstraordinært kommunestyre. Må kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars, dette kjem ein tilbake til.

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over utsetjingsframlegget.

Samd for utsetjing, og for at det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

### **KS - 011/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret.

Det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

---

**012/23: Retningslinjer for handsaming av startlån i Austrheim kommune**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta retningslinjene slik dei ligg føre. Etter at vedtaket er gjort i kommunestyret, skal retningslinjene vera tilgjengelege på kommunen si nettside.

### **02.02.2023 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Etter innspel frå Inger Lise Brekke (H) vert det til handsaminga i kommunestyret teke med lovhenviing for bruken av tolk.

Etter innspel frå Per Lerøy (Ap) får kommunestyret ei anonymisert oversikt over status for startlån, og lån gitt i 2022.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje)

### **FS - 011/23 - 02.02.2023 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta retningslinjene slik dei ligg føre. Etter at vedtaket er gjort i kommunestyret, skal retningslinjene vera tilgjengelege på kommunen si nettside.

### **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det vart orientert om bruken av startlån i 2022:

Startlån gitt i 2022:

(Dette er låna som er utbetalt i 2022, noko var innvilga i 2021. Tilsvarande er lån innvilga i 2022, som blir betalt ut i 2023, ikkje teke med).

1. Refinansieringssak	289 852 kr	Behalda bustad
2. Oppussing av bustad	94 822 kr	Tilpassing for å bu heime lengre (+10 000 kr i tilskot)
3. Kjøp av bustad	-	Familie, ikkje kvalifisert til lån i vanleg bank
4. Kjøp av bustad	-	Familie, ikkje kvalifisert til lån i vanleg bank
5. Kjøp av bustad	-	Familie, ikkje kvalifisert til lån i vanleg bank
6. Kjøp av bustad	-	Familie, ikkje kvalifisert til lån i vanleg bank
7. Kjøp av bustad	-	Familie, ikkje kvalifisert til lån i vanleg bank
8. Kjøp av bustad	-	Familie, ikkje kvalifisert til lån i vanleg bank
I alt utlånt	12 291 691	

Kjøp av bustad fordeler seg på kjøpesummar frå 1,4 til 2,5 millionar kroner.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 012/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtar retningslinjene slik dei ligg føre. Etter at vedtaket er gjort i kommunestyret, skal retningslinjene vera tilgjengelege på kommunen si nettside.

---

## **013/23: Val av valstyre - Kommune- og fylkestingsvalet 2023**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret delegerer til Valstyret å oppnemna stemmestyre, og elles dei oppgåver som etter Vallova kan delegerast til Valstyret.

Valstyret i Austrheim får denne samansettinga:

Faste medlemmer:

Leiar: Per Lerøy (Ap)

Nestleiar: Inger Lise Brekke (H)

Medlem: Morten Sognnes (H)

Medlem: Anne Dahle Austrheim (KrF)

Medlem: Bjørn I. H. Dyrkolbotn (Sp)

Varamedlemmer:

For Per Lerøy i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Inger Lise Brekke i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Morten Sognnes i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Anne Dahle Austrheim i denne rekkjefølgja:

1. Helge Dyrkolbotn (KrF), Randi K. Dyrøy (KrF).

For Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn i denne rekkjefølgja:

1. Lise Renate Helle (Sp), 2. Reidar Øksnes (Sp), 3. Jan Erik Espelid (BYA)

## **02.02.2023 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje)

### **FS - 006/23 - 02.02.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret delegerer til Valstyret å oppnemna stemmestyre, og elles dei oppgåver som etter Vallova kan delegerast til Valstyret.

Valstyret i Austrheim får denne samansettinga:

Faste medlemmer:

Leiar: Per Lerøy (Ap)  
Nestleiar: Inger Lise Brekke (H)  
Medlem: Morten Sognnes (H)  
Medlem: Anne Dahle Austrheim (KrF)  
Medlem: Bjørn I. H. Dyrkolbotn (Sp)

Varamedlemmer:

For Per Lerøy i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Inger Lise Brekke i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Morten Sognnes i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Anne Dahle Austrheim i denne rekkjefølgja:

1. Helge Dyrkolbotn (KrF), Randi K. Dyrøy (KrF).

For Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn i denne rekkjefølgja:

1. Lise Renate Helle (Sp), 2. Reidar Øksnes (Sp), 3. Jan Erik Espelid (BYA)

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 013/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret delegerer til Valstyret å oppnemna stemmestyre, og elles dei oppgåver som etter Vallova kan delegerast til Valstyret.

Valstyret i Austrheim får denne samansettinga:

Faste medlemmer:

Leiar: Per Lerøy (Ap)  
Nestleiar: Inger Lise Brekke (H)  
Medlem: Morten Sognnes (H)  
Medlem: Anne Dahle Austrheim (KrF)  
Medlem: Bjørn I. H. Dyrkolbotn (Sp)

Varamedlemmer:

For Per Lerøy i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Inger Lise Brekke i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe

(Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Morten Sognnes i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Anne Dahle Austrheim i denne rekkjefølgja:

1. Helge Dyrkolbotn (KrF), Randi K. Dyrøy (KrF).

For Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn i denne rekkjefølgja:

1. Lise Renate Helle (Sp), 2. Reidar Øksnes (Sp), 3. Jan Erik Espelid (BYA)

---



# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/23	Kommunestyret	PS	16.02.2023
016/23	Kommunestyret	PS	23.03.2023
035/23	Formannskapet	PS	23.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Per Lerøy	FE-000, TI-&1, HistSak-19/746	22/1044

## Innføring av utvalsmodellen i Austrheim kommune

### Framlegg til vedtak:

Forslag 1:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemmer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

Forslag 2:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein har eit utval for Oppvekst og velferd, og eit Teknisk utval. Utvala skal ha sju medlemmer kvar. Leiarane av utvala må vera medlemmer av kommunestyret for å kunna vera saksordførarar der. Leiarane av utvala må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvala. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

Forslag 3:

Ingen endring – som i dag.

**Kommunestyret - 011/23 - 16.02.2023**

### **KS - behandling:**

*Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at framlegget frå gruppeleiarane har vore oppe internt i Ap, der det vart sagt at saka måtte utsetjast til dei har hatt medlemsmøte. Lerøy la fram utsetjingsframlegg: Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret 13. april. Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han var i stuss om det var ein god grunn til utsetjing at eitt parti ikkje har fått handsama saka. Elles låg det i vedtaket frå oktober at saka skulle handsamast i dag, og det heng saman med at det skal setjast opp lister til valet. Samstundes er det ei tung sak, og ser at det er grunnar til å diskutera dette grundigare. Reidar Øksnes (Sp) sa om denne saka skal utsetjast, så må det kallast inn til eit ekstraordinært kommunestyre slik at det er kommunestyret som avgjer. Sp vil leggja fram eit grunngjeve framlegg om å ha tre utval. Synest ikkje kommunestyret kan delegera dette til formannskapet.*

Ordførar Per Lerøy sa at det ikkje skal vera formannskapet som skal avgjera, men når det er vedteke i formannskapet så er det reelt sett vedteke i kommunestyret også. Og kommunestyret 13/4 er etter at listene er leverte den 31. mars. Har ingen problem med å ta dette i eit ekstraordinært kommunestyre. Må kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars, dette kjem ein tilbake til.

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over utsetjingsframlegget.

Samd for utsetjing, og for at det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

### **KS - vedtak:**

Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret.

Det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

### **Saksopplysninger:**

Saka har vore diskutert i gruppeleiarforum i møta 3. januar, 12. januar og 1. februar. Framlegget her er skrive av leiar i gruppeleiarforum Inger Lise Brekke, og godkjent i møtet 1. februar.

---

I kommunestyret 27. oktober 2022 blei det vedtatt at saka om styringsmodell for Austrheim kommune skulle oversendast til gruppeleiarforum for vidare handsaming. Viser til sak 086/22 – 22/8172 Politisk styringsmodell for Austrheim kommune kommunestyreperioden 2023-2027. Vedtaket lyder slik:

- 1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.*
- 2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret. Innstillings skal leggjast fram for kommunestyret innan 16.*

*februar 2023.*

Eit av fleire intensjon med utvalsmodellen er å få auka interessa for politisk deltaking hjå innbyggjarane. Eit breiare engasjement i politisk aktivitet ved å innføre utvalsmodellen er ein god måte for å rekruttera til politisk arbeid, og dermed viktig for det lokale demokratiet. Dette har vore eit bakteppe for diskusjonane i gruppeleiarforumet. Det er einigheit i forumet at vi anbefaler kommunestyret om å vedta at det blir innført utvalsmodellen som ei prøveordning den neste valperioden. Diskusjonane har vore gode omkring kva fagområde eit utval skal handsame og kor mange utval ein skal anbefale.

Eit viktig moment gruppeleiarforumet har tatt inn i diskusjonen er at det skal startast opp to ad hoc-utval innan kort tid. Eit ad hoc-utval skal gjere greie for nytt helsehus og eit ad hoc-utval skal sjå på den vidare bruk av dagens bygg. Dette vil både krevje deltaking av innbyggjarar og ressursar frå administrasjonen. Det er viktig at ein ikkje ved å etablere både desse ad hoc-utvala og utval jamfør utvalsmodellen innføre fleire utval vil vera å gapa over for mykje. Det kan tenkjast at dei innbyggjarane som ynskjer å engasjere seg i dei nemnde ad hoc-utval gjerne er dei som er engasjerte for plan/teknisk sine saker. Dette talar for at dersom ein ikkje skal ha med eit «Teknisk utval» frå neste valperiode, så startar kommunen med utval som tek føre seg saker enten frå oppvekst eller helsesektoren. Eit anna alternativ er å slå desse to sektorane i hop og ha eit «Utval for oppvekst og velferd». Ved eit slikt alternativ vil Plan og Miljø-saker halde fram med å liggja i formannskapet. Eit argument også for å eventuelt vente med eit teknisk utval er at eit når saker skal gjennom utval for vurdering så kan det medføre lengre behandlingstid. Kommunen har i dag innan plan/byggesak eit godt rykte på seg for å vera raske i vendinga. Det er viktig å halda på denne praksisen.

Gruppeleiarforum ser føre seg at kommunalsjefane for både oppvekst og helse vil kunne løfte saker til eit utval for oppvekst og velferd. Eit slikt utval vil dei kommande åra måtte handsame fleire store og viktige saker for kommunen og innbyggjarane både når det gjelder investering og tenester. Nokre saker som kan nevntast er heiltidskultur innan helse, fleire kommunedelplanar som skal jobbast fram som Leve heile livet (Eldremelding) og andre planar innan dette feltet. Det er naturleg at kommunalsjefane for desse saksfeltet ser på kva mandat utvalet skal ha og korleis ein skal jobba, med meir.

Gruppeleiarforumet anbefaler sju medlemmer i kvart utval for å sikra representasjon frå alle partia i kommunestyret. Leiar i utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Om sakene skal via formannskapet (pga. økonomi), så kan ein kalla inn leiar av utvalet for å presentera saka. Det er også viktig at det blir tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda vidare.

Medlemmar i gruppeleiarforum:

Per Lerøy (ordførar/Ap)  
Inger Lise Brekke (H)  
Monika Thorpe (Ap)  
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp)  
Jan Erik Espelid (BYA)  
Helge Dyrkolbotn (KrF)

## **Konklusjon**

Det er tre ulike framlegg til vedtak, eitt utval, to utval, eller ingen utval (som i dag).